



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/973 - 23/10009

Saksbehandlar:
Josep Gayrbekov
josep.gayrbekov@alver.kommune.no

Dato:
04.02.2023

Forberedende klagebehandling - gbnr 214/44 Fyllingsnes

Saka gjeld søknad om bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad.

Det vart gjeve løyve til tiltaket i vedtak datert 22.09.2022.

Gebyret vart klaga på av Inge Fyllingsnes i brev motteke 25.10.2022. Klagen gjeld tolking av regelverket rundt tidsfristar. Klagar meiner at sakshandsamingsfrista vert overskrida og at gebyr ikkje kan krevjast.

Saka har vore supplert fleire gangar. Klagar meiner at fristen begynte å løype frå søknaden ble motteken av kommunen, og vis til SAK10 § 7-1(1) som sei at fristar forlengast med den tid som går til feilretting og supplering av opplysningar.

Vurdering:

Alver kommune har gjennomgått momenta i klagen.

I DiBK sin rettleiar til SAK10 § 7-1(1) går det frem at ved mindre feil som ikkje er til hinder for at kommunen skal kunne gi tillatels til tiltaket begynner fristen å løype frå søknaden er komme inn til kommunen.

Ansvarleg sækjar hadde opphavleg søkt om fråvik frå TEK17 utan å spesifisere kva føresegn i forskrifta det blei søkt fråvik frå. Kommunen kunne ikkje gi tillatels til tiltaket før dette var spesifisert nok. Tiltaket kravd også dispensasjon som ikkje var omsøkt. Desse manglane kan ikkje reknast som ein mindre feil. Søkjaren spesifiserte kva det blei søkt fråvik frå i e-mail den 19.09.2022. Fristen begynte å løype frå denne dato. Vedtak ble treft 22.09.2022.

Klagen vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Josep Gayrbekov
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER